

# SPRÅK – Øygarden kommune


I Øygarden kommune nyttar vi nynorsk som administrasjonsmål. Det er stor valfridom i bruken av nynorsk. Difor kan det vera greitt å ha nokre interne «reglar» som er retningsgjevande for språkføringa vår.

## Generelt

- Rapportar, planar og anna skriftleg materiale som Øygarden kommune tingar frå eksterne aktørar, bør i utgangspunktet vera skrivne på nynorsk.
- Bruk aktiv og ikkje passiv setningsbygnad, unngå substantivsjuke
- Unngå garpegenitiv. Eigeomsformene min, din, sin og vår bør til vanleg koma etter substantivet, (ikkje prosjektleiaren sin bil, men bilen til prosjektleiaren)
- Ordrekkefylgja bør vera mest mogleg som i vanleg talemål.
- Forklar framandord og forkortingar.
- Hugs inga ending i inkjekjønn fleirtal (eitt møte, fleire møte).
- Bruk vedtekne stadnamn.

## Namn på råd og utval

- Liten forbokstav: kommunestyret, formannskapet, utval for samfunnsutvikling, utval for plan og utval for tenester og levekår
- Kommunalsjefområde: Kultur og samfunn, Oppvekst, Helse og velferd, Organisasjon og digitalisering, Økonomi



## Døme

I nynorsk er det ofte fridom til å velja skrivemåte, men Øygarden kommune kan til ein viss grad vera konsekvent i språkbruken om vi gjer nokre val.....

- a-infinitiv
- vi – ikkje me
- tryggleik – ikkje sikkerheit
- røyndom – ikkje verkelegheit, osv.
- behandla – ikkje handsama
- eg/vi – helst ikkje ein
- skule – ikkje skole
- nødvendig – helst ikkje naudsynt
- sanning - ikkje sannheit
- delegering – ikkje delegasjon
- motsegn - ikkje innsigelse

## Namn på institusjonar og selskap

Generell statleg føring er at ved statleg institusjon er det berre stor forbokstav i første ord (døme: Statens vegvesen).

- Øygarden bustadutvikling KF
- Øygarden næringsutvikling KF
- Øygarden brann og redning IKS
- ØyVAR AS
- Hordaland fylkeskommune
- Fylkesmannen med stor F som institusjon, men fylkesmann Lars Sponheim (liten f)

## Elles

- Liten forbokstav på lovar (aksjelova, lov om aksjeselskap, men Grunnlova med stor G)
- Tal: 40 000 ikkje 40.000
- kr ikkje kr.
- Forklar forkortingar og framandord/ukjende ord (HTV, KS, ROS, KLP...)
- Liten forbokstav på tittel under namn ved signatur:  
Vennleg helsing  
Rune Lid  
kommunedirektør